Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Vest Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Øvrebö

Emne: Skar

Bygdelag: Riirsdal

Oppskr. av: Ånund Riirsdal

Gard: og Tjomsås i Hægeland nabobygder.

(adresse):

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Ein del fortald av Nils Trurtöl Tjomsås, ellers er det slik som mine besteforeldre fortalde.

SVAR

1. Noe anna sernamn en kjelpefor er ikkje kjendt

2. Noe samnamn er ukjendt på skar beit og brom.

Her kallar ein brom for „lime“ det er di tynne kvistar på bjørka ein brukar til kjelpefor om våren, det kunner enno at sume brukar det.

3. Skov skjer skare

4. Skar var nytta som kjelpefor før men ikkje no.

5. Osp og raun var det vanlige, andre treslag som alm og lind er her so lite av at det var berre unantak om dei var nytta. Kva slag som var gjævast kjenner ein ikkje no.

6. Ukjendt her.

7. Dette rimet her eg köyrt av gamle folk som no er burte

Raunen reise,
Björka kveitje.
Selja veikje,
Vieren velte.

8. Ku, sau og geit fekk skar om vintren

9963

Om det var gjeve for seg sjølv eller saman med anna for er ukjendt no.
Ingen veit noe om det var nytta skav av or og om krøtera ikkje vilde eta det, eller anna slag.

9. Det er ukjendt om ein fekk meir mjølk når kyrne fekk skav.
Det er kjendt no, at dersom krøtera fær mykje aspelauv vert mjølka ram og smøret kvit, det virka sikkert det same med skav av asp, gjev ein „lemme" (små bjørkekvistar) vert det mykje fløte og fint gult smør. Noe anna er ikkje lenger kjendt.

10. Ukjendt no om dei reiste eins erend til skogs etter skavved, det var nok det mest vanlege nå dei var på anna arbeid i skogen serleg kjøring og ta med noe heim om kvelden.

11. Ukjendt at der var noe serleg namn på og henta skavved.

12. Ein kjenner ikkje anna namn her en skav og skavved.
Det som er mest brukt er skav.

13. Ukjendt her.

14. Det var vinteren og våren ein henta skav. Det andre i spursmalet er ukjendt.

15. Det var for det meste på tunet.

16. Bandekniv var mykje nytta, hadde dei ikkje det nytta dei ein ljå og tulla ei fille rundt for kvar hand.

17. Det er ingen no som veit at det var nytta noe sers reidskap ved skaving, men eg her set slik gamal stovekrakk med eit hol i eine enden, kan hende den her vore nytta ved skaving, krakken



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

andre blad.



fins enno her på garden.

18. Namnet skarhæl er ukjendt.

19. Eg kan ikkje finne at di brukte annan ~~på~~ måte en at di sat skerevs over stakken eller stad med ein fot på kvar sidy når det var so stor bu at dette kunde gå. At di skor små kvister kjenner ein ikkje til det gverlet ein til geit og sau.

20. Veit ikkje noe sikkert.

21. Det er berre nytta skar som namn.

22. Det var mest berre stakkar ein skor, se ellers under nr. 19.

23. Dette er ukjendt korat di hadde noe sers namn på di kvistorne eller stakkar som borken var skoven av.

24. Ukjendt no om det var noen sers reglar for korleis skavet skulde vere

25. Den avskava veden vart nytta som ved til ovnan i huset.

26. Det er lenge sida skar vart nytta til for, einskilde brukte nok lidt fram mot århundre-skifte.

9963

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING